

HOLLYWOOD-FRØKEN FRÅ FOLKESTAD.

Annett Folkestad reiste til USA for å vere barnevakt, men enda opp som modell.

LOS ANGELES. – Norge er eit godt land å bu i, du vert tatt godt vare på. Men i USA er alt muleg, ting er kanskje litt meir avgrensa i Norge. Her er det ingen grenser for kva du kan gjere, seier Annett Folkestad.

Jenta frå Folkestad i Volda flytta til USA rett etter ho var ferdig med vidaregåande. Mormora og morfaren hadde flytta frå Ålesund til Chicago, så då reiste ho dit og passa ungar ei stund. I Chicago opplevde Annett det som mange ungjenter drøyer om – ho vart oppdaga av eit modellbyrå!

Om lag seksten år seinare sit vi i sofaen og pratar. I eit hjørne av stua sit ei lita jente og ser på teiknefilm. Annett og dottera Astrid (2 1/2) har akkurat flytta inn i sin nye heim, ei leilegheit i West Hollywood, Los Angeles.

Milano og Paris. – Eg vart verande i Chicago, men dei sendte meg mellom anna til Milano og Paris. Etter å ha reist omkring ei stund, enda eg opp i New York, fortel Annett.

Etter kvart flytta ho frå New York til Los Angeles. Etter at Astrid kom til verda, ville den ferske småbarnsmora roe ned litt – så då gjekk turen nordover til den idylliske kystbyen Santa Barbara i California. I eit hus ved stranda tok Annett ei lita pause frå alt – før ho etter kvart flytta tilbake til storbyen Los Angeles.

– Det er greitt å bu litt meir sentralt igjen, forklarar ho med eit smil. Og innrømmer at det er litt rart å sjå kjendisar overalt.

– Innimellom tenkjer eg over det, det er ganske annleis i forhold til heime. Men verda er ikkje så stor. Det er her eg bur no. Så er det litt artig også. Eg har budd så mange plassar, måtte teste ut Hollywood også.

Laug om alderen. Å spørje ei kvinne om alderen er sjeldan populært, og i modellbransjen er det kanskje endå meir tabu enn elles. Annett Folkestad innrømmer likevel ganske kjapt at ho er 35 år no.

– Men eg gjekk lenge og sa at eg var 26, ler ho.

– Du er berre så gammal som du føler deg. Det viktigaste er å vere komfortabel med seg sjølv.

Likevel, som småbarnsmor



KUNST. Dottera Astrid og måling er dei to største fritidsinteressene til Annett Folkestad. Bildet til venstre er berre eitt av mange som ho har laga sjølv.



BIKINIMODELL. Då ho var yngre, reiste Annett mykje omkring på ulike moteoppdrag. Sjølv om 35-åringen enno er modell, er det litt andre jobbar og mindre reising no for tida.

Verda er ikkje så stor ANNETT FOLKESTAD



MOR OG DOTTER. Annett Folkestad og dottera Astrid (2 1/2) trivast i West Hollywood, sjølv om det er temmeleg langt å reise til besteforeldre og anna slekt på Folkestad.

har rolla til Annett vorte endra. Talet på modelloppdrag har tatt seg opp igjen etter pausetida i Santa Barbara, men no er det ofte andre målgrupper og andre oppdrag enn før.

– I New York var det meir editorials og fashion. Eg har gjort mykje av det same i Los Angeles, men no er det litt meir katalogar og reklame.

Kunst som avkopling. Livet som

modell er likevel ikkje alltid ein dans på roser. Ifølgje Annett kan folk vere veldig overflatiske innan bransjen, spesielt i USA.

– Det kan vere vanskeleg å kome skikkeleg inn på folk. Så det blir fort litt einsamt, det kan ta tid å få amerikanske vennar, forklarar ho. Og understrekar samtidig at ho kjenner mange kjekke amerikanarar.

– Men generelt kan det vere litt vanskeleg å få «connection».

I tillegg er det viktig å ha noko å kople av med. I løpet av åra i New York vart interessa for kunstmåling gradvis større.

– Det vart ein måte for meg å kople av på. Måling er terapi for meg, ler Annett.

Etter kvart skaffa ho seg større bustad, med plass til atelier. I stua i West Hollywood er ikkje alle bilda hengde opp enno, men langs eine veggen står fargerike kunstverk på rekke og rad – saman med utvalde fotografi frå modellkarriera.

– Modellivet er litt overflatisk og du vert trøyt av å vere mykje på reise, så det er viktig å ha noko som ein får ro i seg av.

Byrået tar omsyn. Sjølv om motebransjen kan vere ganske så kynisk til tider, har Annett heldigvis opplevd at sjefane i Wilhelmina Models aksepterer at ho no har andre prioriteringar enn før.

– Dei viser veldig forståing for at eg ikkje har vilja reist så mykje som før.

Byrået har signalisert at dei gjerne kan tenkje seg å få med Astrid også, men akkurat der prøver Annett å halde litt igjen. Inntil vidare, i alle fall.

– Ho har vore med i ein liten film attmed meg, men då var ho så lita at ho ikkje hugsar det. Men vi får prøve litt etter kvart og sjå om det er noko for ho. Astrid likar å stå framføre kamera, så vi får kanskje prøve og sjå korleis det går. Kvifor ikkje? Når vi først er her?

Heime kvar jul. Livet ser ut til å vere bra i California og veret er som regel ganske mykje betre enn heime på Sunnmøre, men Annett Folkestad har aldri gløymt kvar ho kjem frå.

– Eg har ikkje gått glipp av ei jul heime endå! Og etter at eg fekk Astrid, oppdaga eg plutse-



leg at familien er langt borte. Eg har eit veldig godt forhold til familien min heime.

Sjølv om Annett og Astrid er ganske nyinnflytta i ei leilegheit no, er planen på sikt å kjøpe eit hus med litt meir plass.

– Så skal vi ha eit hus her i Los Angeles, og ein heim i Norge. Kanskje bu her nokre månader, så vere i Norge sommarmånadane? Eg vil i alle fall dele opp tida litt, det er det som er målet mitt.

Kjendisane ikkje viktigast. Meir detaljerte framtidsplanar vil ikkje Annett ut med akkurat no.

– Men eg har lyst å i alle fall vere modell inntil vidare. Så hadde det vore gøy å prøve seg som programleiar på TV, kanskje noko i den retninga? Og så vil eg fortsetje å måle, for det er noko som gjer meg glad.

– Det er ikkje slitsamt å vere modell, då?

– No er eg litt meir avslappa enn før, men heile tida ligg det i



UTANDØRS. Annett og Astrid ute i den velstelte bakgården. Klimaet i Los Angeles er ganske annleis enn heime på Sunnmøre, sjølv midtvinters kan det vere like varmt som ein norsk sommar.

bakhovudet kva eg kan ete og ikkje. Du blir nesten hjernevaska, men du er jo eit produkt. Så du kan ikkje møte opp og sjå shabby ut, ler ho.

– Eg veit at det er mange som syns det kan vere vanskeleg, du skal alltid smile og vere glad. Veldig glamorøst. Det er gøy å verte invitert til alle kjendisane, men på slutten av dagen er det viktig å vite kva som er viktig.

– Og kva er så det viktigaste for Annett Folkestad i 2010?

– Det viktigaste er ho som sit der borte, seier ho utan å nøle – og ser bort på Astrid.

Sjølv etter mange år vestanfor Atlanteren og austanfor Stillehavet, har den sunnmørske Hollywood-frøkene tydelegvis begge føtene godt planta på jorda. Ein fot i USA, den andre i Norge.

NILS-OVE STØBAKK
reportasje@smp.no

MILAN SARIC

Alder: 28 år
Bor: i Beograd, Serbia
Sivilstand: Ugift
Yrke: Buffet steward på cruisebåten Crown Princess



FOTO: ROGER ENGVIK

JOB BEN MIN: Servitør på cruiseskip

– **Hvordan har du hatt det på jobben denne uka?**

– Bra, men det har vært mye nytt og ekstra travelt, fordi jeg ble overført til middagservering denne uka.

– **Hvordan er arbeidsdagen din?**

– Jeg begynner ved frokostbuffeten oppe på 15. dekk klokka 05.45 og jobber til 11.15. Så har jeg fire timer fri, før jeg går på vakt i middagsalen fra klokka fire til elleve om kvelden.

– **Hva gjør du når du har fri?**

– Sover. Det blir ikke så mange timer med søvn mellom kveldsvakt og tidligvakt, så da er de fire timene midt på dagen den eneste muligheten til å få seg litt søvn.

– **Hender det at du har fri på kveldene?**

– Veldig veldig sjelden, og bare hvis vi har gjort en spesielt bra jobb.
– Jeg jobber 12 timer hver dag, sju dager i uka, seks måneder i strekk. Så har jeg to måneder fri, før jeg går på seks nye måneder. Det er om å gjøre å stå på, for å få seg en ny seks månederskontrakt.

– **Hva gjør du i de to månedene du er i land?**

– Da nyter jeg livet hjemme i Beograd, sammen med venner og familie og bikkja mi. Og så trener jeg judo, noe jeg har holdt på med i 12 år.

– **Hva er det beste med jobben din?**

– Å treffe nye mennesker, se nye land, andre kulturer. Og lønna er jo bedre enn hjemme.

– På denne turen skal vi foruten Norge til Storbritannia og New York. Der møtrer jeg av og reiser hjem. I november går cruiset i Karibien.

– **Hva er det verste med jobben din?**

– Lange dager, ingen fritid. Og så savner jeg familien min.

– **Hvordan er passasjerene, er de greie å ha med å gjøre?**

– Alle er forskjellige. Ofte har vi med mange amerikanere, men på dette cruiset er 2400 av 3300 engelskmenn. De er generelt mer lavmælte og høflige enn amerikanerne. Og så vil de ha bare varm mat.

– **Hva er det mest spesielle du har opplevd i denne jobben?**

– Oj, det er mye. Som jeg ikke kan fortelle deg. Her er det mange spesielle mennesker. Men når du har opplevd noe rart et par-tre ganger blir det ikke så rart lenger.

– Jeg hadde forresten en litt spesiell opplevelse på forrige tur, på vei fra England over til Norge. Det var et forferdelig vær, med 10 meter høye bølger. Da ble jeg dårlig.

– **Hvis sjefen din ga deg en uventet fri-dag, hva ville du brukt den til?**

– Å sove!

KARIN RYKKJE
karin.rykkje@smp.no

ROGER ENGVIK (FOTO)
roger.engvik@smp.no

Er du nysgjerrig på et yrke? Tips oss på helga@smp.no